



Kviteseid 19.01.22

### Nye karanteneregler og rutinar ved smitte i skule og barnehage

Framover er det testing som blir det fremste verktøyet for å halde smitten under kontroll, og samfunnet mest mogleg opent. I Seljord kommune har vi bestemt at vi som hovedregel vil gjennomføre massetesting dersom det blir to eller flere smitta i same klassa i skulen eller på same avdeling i barnehagen. I barnehagen vil vi ikke teste barn utan symptom, men foreldre og tilsette på avdelinga.

Folkehelseinstituttet (FHI) har laga ei oppsummering over kva som er det viktigaste å hugse på for foreldre til barn i barnehage og skule akkurat nå. Vi ynskjer å dele denne med dykk her.

- Det nasjonale gule tiltaksnivået i grunnskulular og barnehagar er avslutta. Nå har regjeringa i staden for ei nasjonal anbefaling om gult nivå i barnehagar og grunnskulen dersom smittesituasjonen lokalt krev det. Kommunane vurderer situasjonen og bestemmer tiltaksnivå sjølv.
- Karantenereglane er endra for heile befolkninga. Det betyr mellom anna at barn som er "øvrig nærbolig" (til dømes klassekameratar) ikkje lenger treng å vera i karantene. Barn i barneskulen som er "øvrige nærbolig" bør følge tilråding om testing på dag 3 og 5 etter siste kontakt med den som er smitta. Barn i barnehage er tilrådd test dersom dei får symptom. Foreldre til barn i barnehage og på barneskulen bør følge nøye med på om barna får symptom.
- Jamleg testing kan bli bruka på skulen eller i barnehagen, dersom det er høgt smittetrykk som t.d. kan gå utover tilbodet på helsetenester i området. Då kan kommunen effektivt kontrollere smitteutbrot, utan å innføre kraftigare tiltak retta mot barn og unge. Jamleg testing gjer at skular og barnehagar kan halde opent på eit lågare tiltaksnivå.
- Mange barn opplever testinga som ubehageleg og noko dei vegrar seg for. Barn som motset seg testing, skal ikkje testast. I slike tilfelle er det betre at foreldre testar seg i staden for.
- Dersom du blir smitta, er du sjølv ansvarleg for å gå i isolasjon og varsle nærboligane dine. Dersom barnet ditt blir smitta, bør du informere barnehagen eller skulen, som deretter gjev naudsynt informasjon anonymt vidare til resten av foreldregruppa i klassa til barnet eller avdelinga i barnehagen.
- Smittevernrettleiarane for skular og barnehagar blir oppdatert denne veka, slik at tiltaka er i tråd med det vi veit om koronasmitte og koronasjukdom. Her finn du rettleiarane: <https://www.udir.no/.../informasjon.../smittevernveileder/>.

Ynskjer du å lese meir om kvifor vi meiner det er trygt for barn og tilsette å vera i barnehagar og skular? På Utdanningsdirektoratet sine nettsider finn du ei oppsummering av kunnskapen om smitte i barnehagar og skular: <https://www.udir.no/.../dette-vet-vi-om-smitte-i.../>

Kjelde: FHI

Med helsing  
beredskapsleiinga